

Utdanningsutvalget ved  
Universitetet i Stavanger  
(UU)

# Årsrapport 2015

# 1. Om rapporten

## Føremål med rapporten

Utvalet sin årsrapport vert oversendt til styret og har som føremål å formidla:

- sentrale trekk i utdanningsutvalet sitt arbeid med utdanningskvalitet og utdanningsstrategi<sup>1</sup> i 2015,
- dei vurderingane på eit overordna nivå som utvalet gjer seg vedkomande arbeid med utdanningskvalitet,
- kva overordna prioriteringar og tiltak knytt til utdanningskvalitet og utdanningsstrategi utvalget har fastsett for 2016 og vidare framover<sup>2</sup>.

Rapporteringen går inn i universitetet sin planleggings-, budsjetterings- og rapporteringsprosess (PVO-prosessen)<sup>3</sup>.

## Innhald i rapporten

Årsrapporten rapporterar arbeid og resultat for arbeidet med utdanningskvalitet på institusjonsnivå, med utgangspunkt i det mandatet styret har gitt om utdanningskvalitet.

Årsrapporten omfattar fylgjande kapittel og vedlegg:

- Kapittel 1: Om rapporten.
- Kapittel 2: Utvalet sitt arbeidsområde, arbeidsform og samansetjing.
- Kapittel 3: Plan for utdanningsutvalet 2015, som vedteken av utvalet i november 2014, og eit oversyn over arbeidet som utvalet har utført på det enkelte planpunktet i 2015.
- Kapittel 4: Utvalet si overordna vurdering av dei resultata som er oppnådde i 2015, om der er behov for videreføring av det enkelte målområdet og med indikasjon på korleis dette går fram av utvalet sin plan for 2015.

Årsrapporten har fylgjande vedlegg:

- Vedlegg 1: Mandat for UU

---

<sup>1</sup> Jmf mandatet til utvalet.

<sup>2</sup> Jmf Studietilsynsforskriften og mandatet til utvalet.

<sup>3</sup> Jmf [UiS Økonomi håndbok > Plan-, budsjett- og virksomhetsoppfølging > Plan-, budsjett og virksomhetsoppfølging](#)

## 2. Utvalget

Kapittel 2 gir eit kort oversyn over samansetjing i utdanningsutvalet, arbeidsområde og arbeidsform i kalenderåret 2015.

### 2.1 Utvalet sitt arbeidsområde og arbeidsform

Utdanningsutvalet er oppretta av styret for å utvikla Universitetet i Stavanger som utdanningsinstitusjon og medverka til god kvalitet i utdanning og studieadministrasjon. Utvalget sitt mandat og eigen plan for perioden gir rammene for arbeidet. Arbeidsområdet omfattar mellom anna at utvalet skal vera eit rådgjevande organ for universitetsstyret i utdanningsstrategiske spørsmål og skal ta initiativ til og koordinera strategisk utviklingsarbeid ved institusjonen. Utvalet skal medverka til at dei krava NOKUT og institusjonen sjølv set til kvalitetsarbeid i utdanningane vert oppfylde.

Både utdanningsutvalget og kvalitets- og læringsmiljøutvalet har arbeid med kvalitet/kvalitetssystem i mandatet sitt. Utdanningsutvalet sitt arbeid med kvalitet rettar seg hovudsakleg mot innhaldet i studia, medan kvalitets- og læringsmiljøutvalet sitt arbeid med kvalitet og læringsmiljø i hovudsak rettar seg mot omgjevnadene til studia. Det ligg til utdanningsutvalet å akkreditere og reakkreditere studia medan kvalitets- og læringsmiljøutvalet er tillagt å gjennomføra ei systematisk oppfølging av læringsmiljøet.

### 2.2 Samansetjing

Rektor oppnemner medlemmer og varamedlemmer til utdanningsutvalet, som har fylgjande sammensetjing:

Prorektor (leiar)  
3 prodekanar for undervising  
2 representantar for det vitenskaplege personalet  
1 representant for det teknisk-administrative personalet  
1 representant for universitetsbiblioteket  
4 studentrepresentantar

Leiar for Enhet for studentservice (Ess) og direktør for UiS EVU møter med talerett.

Alle medlemmene, bortsett frå studentrepresentantane har personlege varamedlemmer.

Utvalget hatt fylgjande medlemmer i 2015:

Mats Aune (studentrepresentant vår)  
Magne Bartlett (studentrepresentant haust)  
Sindre Bjørheim (studentrepresentant haust)  
Terje Blåsternes (biblioteket)  
Sverre Gaupås (studentrepresentant haust)  
Marianne Gjerlaugsen (teknisk-administrativt personale)  
Hemmingsen, Tor (leiar)  
Sigbjørn Hervik (prodekan)  
Eva Hærem (prodekan)  
Anine Klepp (studentrepresentant)  
Jan Terje Kvaløy (vitenskaplig personale)

Jorunn Melberg (prodekan)  
Rangnes, Brita Strand (vitenskaplig personale)  
Jørgen Sjøberg (studentrepresentant haust)  
Amund Thomassen (studentrepresentant vår)  
Rebecca Øglænd (studentrepresentant vår)

Oppdelinga mellom planarbeid og rapportarbeid vart fullført i 2013, og denne rapporten er den tredje som har *kalenderår* som sin rapporteringsperiode. Gjennom 2015 har utdanningsutvalet helde fem møte og eitt fellesseminar med kvalitets- og læringsmiljøutvalet, etter ein møteplan som har vore koordinert med KLU sin møteplan og styret sin møteplan.

Arbeidet i utvalet vert utført i og mellom møta av utvalet sine medlemmer og sekretariat.

## 2.3 Utvalet sin funksjonsperiode

Utvalet sin funksjonsperiode fylgjer rektorvalet. På grunn av dei pågåande fusjonssamtalane med Høgskulen i Stord og Haugesund våren 2015, vart funksjonstida til rektor og styre, og dermed også til utdanningsutvalet, forlenga til 31. desember.

## 3. Prioriterte arbeidsområde for arbeid med utdanningskvalitet i 2015

Utdanningsutvalet sin plan for arbeidet med utdanningskvalitet i 2015 vart vedteken i utvalet sitt møte 5. november 2014 og revidert i møtet 11. februar 2015 (i sak om plan for arbeidet i 2015) og er organisert under dei tre hovudområda Utvikling av utvalet sin funksjon og rolle, Arbeidet med kvalitet i utdanningane og Samarbeid mellom sentrale utval.

Den fylgjande rapporten er sett opp med utgangspunkt i dei tre hovudområda. For kvart hovudområde fylgjer utvalet si rapportering under kvart underpunkt.

### Mål: Utvikling av utvalet sin funksjon og rolle

Tiltak:

- Oppfølging av evalueringsarbeidet for UU og KLU

Dei to sentrale utvala vedtok i 2014 (UU 15/14 og KLU 14/14) at det skulle gjerast ei evaluering av utvala innan våren 2015. Utdanningsdirektøren utnemnde i januar 2015 ei arbeidsgruppe som fekk i mandat å

- evaluera utvala sin funksjon i høve til mandata, medrekna rollefordelinga mellom utvala
- evaluera utvala sine arbeidsformer og kommunikasjonen mellom utvala og mellom utvala, sekretariatet og einingar ved universitetet
- vurdere om der er behov for å revidera mandata og/eller samansetjinga for utvala, på bakgrunn av lover, regelverk og strategidokument slik dei nå ligg føre
- evaluera opplæringa av nye medlemmer i utvala

Rapporten frå arbeidsgruppa vart lagd fram for utvala i mai. Utdanningsutvalet fylgde opp handsaminga av rapporten i møta 16. september og 11. november. I novembermøtet vedtok utvalet

mål og tiltak for det vidare arbeidet, og vedtok også framlegg til revidert mandat og samansetjing for utvalet. Mandatet vart fastsett av styret 3. desember 2015.

- Vidareutvikling av arbeidsformer og digital saksflyt

Årshjulet til utvalet har etablert seg som eit godt styringsverktøy for kva saker som har vorte lagde fram for handsaming. I tillegg har andre saker som har kome opp i løpet av året vorte sett på saklista, slik som revisjon av eksamensforskrifta og høyringar om endringar i uh-lova og studiekvalitetsforskrifta. Eit studium vart akkreditert utanom dei ordinære fristane i årshjulet.

Nytt saks- og arkivsystem, Public 360, vart innført ved UiS frå 1. januar 2015. Dette har gjort det enklare å leggja om til digital sakshandsaming. Dei fleste sakene til utvalet vert nå skrivne direkte inn i P360. Samhandlinga med fakulteta går også for det meste i dette systemet. Det er ennå noko veg å gå før sakshandsaminga, inkludert signering av saker, er fulldigitalisert.

## Mål: Arbeidet med kvalitet i utdanningane

Tiltak:

- Vidareutvikling av studieprogram og studieportefølje, inkludert akkreditering og reakkreditering

Utgreiingsløyve for nye studier er delegert til dekan. Det vart gitt orientering om løyve til utgreiing av nye studier ved Det samfunnsvitskaplege og Det teknisk-naturvitskaplege fakultetet i februar møtet.

Utvalet akkrediterte tre studieprogram i 2015: erfaringsbasert master i relasjonsbehandling, master i regnskap og revisjon og fireårig bachelor i utøvande musikk, og til rådde styret å etablera desse studia. Utvalet rådde også styret til å endra namn på bachelor- og masterprogram i byutvikling og urban design til bachelor og master i byplanlegging.

- Det digitale læringsmiljøet i studieprogramma, inkludert nettbaserte vurderingsformer

Krava til akkreditering skil ikkje mellom digitale og analoge løysingar i undervisnings- og arbeidsformer i studia, og stiller heller ikkje krav til digitale løysingar i vurdering av læring. Utdanningsutvalet har ikkje hatt eigne saker om digitalisering i utdanningane på sakskartet i 2015.

Universitetsdirektøren har sidan 2014 gitt ekstraløysingar til å stimulera til og utvikla digitale eksamensløysingar. 2015 var det siste året det var gitt slike ekstraløysingar. Frå 2016 er digital eksamen innført som normalordninga. Dei fleste av heimeeksamen vert leverte digitalt. Kapasiteten til å avvikla lokal dagseksamen er auka til 200 kandidatar samtidig. Dette har medført ein liten auke i bruk av digital eksamen også på campus.

- Fortsetja arbeid med handboka for studieprogramarbeid

Kunnskapsdepartementet sende i 2015 ut på høyring framlegg til endringar i universitets- og høgskolelova og Forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning. Begge desse endringsframlegga vil få konsekvensar for institusjonen og utvalet sitt arbeid med kvalitet i utdanningane. I tillegg har NOKUT varsla at framlegg til endringar i Forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning vil koma på høyring i 2016. Utvalet vedtok på bakgrunn av dette å setja i gong eit arbeid med revisjon av eigne retningslinjer for akkreditering og etablering av studier, og å utarbeida ordning med tilsyn av studier i tråd med NOKUT sin tilsynsmodell.

- Tydelegare fokus på internasjonalisering i tråd med universitetet sin strategi

Internasjonalisering og utveksling i studia var tema for strategisak i marsmøtet og i fellesseminaret mellom KLU og UU i august vart det diskutert korleis utvala kan medverka til auka fokus på internasjonalisering heime i studieprogram og læringsmiljø generelt.

- Arrangera arbeidsseminar om utdanningskvalitet, akkreditering, reakkreditering og lokalt NOKUT-arbeid

Dette seminaret vart ikkje arrangert i 2015.

- Integrering av tverrgående prosjekt i arbeidet med vidareutvikling av studieprogram

Utvalet vart i februar møtet førelagd rapportar frå tre av dei fire arbeidsgruppene i tverrgående handlingsplan til orientering og diskusjon. Rapportane vart handsama i styret i løpet av vårsemesteret. Det vart oppretta ei koordinerande arbeidsgruppe som skulle gje råd om prioritering og implementering av dei føreslegne tiltaka. Universitetsdirektøren ga i 2015 midlar mellom anna til utbygging av auka kapasitet på straumpunkt og trådlaust nettverk, eit forprosjekt til å utvikla studieverkstad ved universitetsbiblioteket, eit prosjekt for utvikling av digitale nettressurser til nettstøtta deltidsutdanning for grunnskulelærarutdanninga og eit prosjekt for kompetanseheving for tilsette som arbeidar med internasjonalisering. Styret vedtok ikkje å setja av ekstra middel til nokre tverrgående tiltak for 2016.

## Samarbeid mellom sentrale utval

Tiltak:

- Vidareutvikla og styrkja samarbeidet mellom dei sentrale utvala (utdanningsutvalet, kvalitets- og læringsmiljøutvalet og forskingsutvalet)

Kvalitets- og læringsmiljøutvalet og utdanningsutvalet fortsette også i 2015 samarbeidet i saksførebuing og sakshandsaming. Møta har vorte heldne påfølgjande dagar. KLU har hatt sitt mandat knytt til omgjevnadene til studia, medan UU sitt arbeidsområde er innhaldet i studia. Utvala vedtok ei felles evaluering av utvala sitt arbeid og funksjon. Rapporten frå evalueringa vart handsama i begge utvala.

Samarbeidet har vore konsentrert om kvalitets- og læringsmiljøutvalet og utdanningsutvalet, då det er desse utvala som fyrst og framst arbeidar med utdanningane. Det har ikkje vore saker knytt til forskingsutdanningane i 2015, og såleis har det heller ikkje vore eit nært samarbeid med forskingsutvalet.

- Vidareutvikling av utvala sine sakskart og årshjul

Årshula som utvala vedtok i 2014 vart vidareførde i 2015.

- Vidareføra og vidareutvikla fellesseminar for dei to utvala

Fellesseminaret mellom kvalitets- og læringsmiljøutvalet og utdanningsutvalet vart arrangert i august, i samsvar med årshjulet. Tema for seminaret var internasjonalisering heime.

- Etablera opplæringstilbod for nye medlemmer i utvala

I samband med fellesseminaret vart det arrangert eit kurs for nye utvalsmedlemer. Deltakarar var nye studentrepresentantar. I kurset vart det gitt innføring i utvala sine mandat og arbeidsområde, møteform og sakshandsaming.

## 4. Utdanningsutvalet si vurdering av resultatene som er oppnådde i 2015 og trong for vidareføring i 2016

Det fyrste hovudmålet: Utvikling av utvalet sin funksjon og rolle må seiast å vera oppfylt så langt det let seg gjera i 2015. Evalueringa vart gjennomført i tråd med intensjonen. Det nye utvalet har fått eit klarare mandat å arbeida ut frå. Utvikling av gode ordningar for tilsyn med studiekvaliteten vil vera ei viktig arbeidsoppgåve for det nye utvalet i 2016.

Det andre hovudmålet: arbeidet med kvalitet i utdanningane er delvis oppfylt. Ordningane for akkreditering og etablering, og større endringar i studia fungerer godt. Fakulteta leverer gode søknader som gjer godt grunnlag for at utvalet kan gjera vedtak. Dialogen mellom det sentrale studiesekretariatet og studieadministrasjon og fagmiljø ved fakulteta i utviklingsprosessen av nye eller endra program har også vorte meir aktiv.

Det har vore ei positiv utvikling i bruk av digital eksamen i løpet av 2015. Kapasiteten har auka og fleire eksamenar vert nå avvikla digitalt. I det vidare arbeidet med utdanningskvalitet bør det vurderast både korleis denne delen kan aukast endå meir, og kva digitale vurderingsformer kan bety for både det faglege og det pedagogiske innhaldet i studia.

Utvalet har sett i gong ein prosess for å vidareutvikla system for arbeid med kvalitet i utdanningane. Det er vedteke at kvalitetssystemet skal reviderast i 2016. Handbok for studieprogramarbeid kan integrerast i ny kvalitetshandbok.

Det vart ikkje arrangert arbeidsseminar om utdanningskvalitet, akkreditering, reakkreditering og lokalt NOKUT-arbeid. Arbeidet med evaluering av utvala og planleggjing av vidare arbeid med studiekvalitet synte at der er trong for avklaring av korleis kvalitetsarbeidet skal vidareutviklast. I utvikling av tilsynsmodell for Universitetet i Stavanger, bør det vurderast om arbeidsseminar kan vera eit godt tiltak for utvikling av konkrete studieprogram.

Utdanningsutvalet bør vurderast om nokre av dei føreslegne tiltaka frå arbeidsgruppene i tverrgående prosjekt kan setjast i verk som del av arbeid med vidareutvikling av utdanningskvalitet.

Det tredje hovudmålet: Samarbeid mellom sentrale utval er i stor grad oppfylt. Dei to sentrale utvala, kvalitets- og læringsmiljøutvalet og utdanningsutvalet, har hatt eit nært samarbeid både i saker og gjennom eit felles sekretariat. Fellesseminaret har synt seg å vera ein god arena for diskusjon av strategiske saker som vedkjem begge utvala, og eit opplæringstilbod for nye medlemmer er utvikla og starta opp. Både fellesseminar og opplæringstilbod bør likevel vidareutviklast på bakgrunn av erfaringar som er gjort.